



00YR00135

SKUP 1999 – 30

Prosjekt: Med full gass, utan bremsar

Medarbeider: Rune Bjåstad

Publikasjon: NRK P2

Publisert: September 1999

Medium: Radio

Tema: Samfunn

Metoderapport SKUP 2000.

1. Rune Bjåstad.
2. **"Med full gass, utan bremsar. Om ADHD og dei som fell utanfor"**. Ein radiodokumentar om Jørgen og familien hans, korleis behandlingsapparatet kjem til kort i forhold til ADHD (tidlegare MBD).

Eg sender også inn ein kort-dokumentar (26 min.) med same tema, sendt i NRK Sørlandet, og eit innslag frå Her og Nå i NRK P1 - alt saman resultat av det same arbeidet.

3. Dokumentaren på 44 minutt gjekk på lufta første gong i NRK P2 19.9. 1999. Kort-dokumentaren gjekk i NRK Sørlandet 18.9.1999, Her og Nå-innslaget vart sendt 21/9 1999.
4. Dokumentarredaksjonen i NRK P2, RODD, 0340 Oslo. Tlf.: 2304 7000.
5. Rune Bjåstad
Brettevillesgt. 21
0481 Oslo.
Tlf.: 2279 5098.
6. A) Eg byrja arbeidet i mai/juni 1999. Utgangspunktet var ei sak eg fann hos NRK Møre og Romsdal, om ein elev ved ein vidaregåande skule som vart mobba ut av skulen av ein lærar. Saka viste seg å ikkje vere mogleg å lage, sidan hovudpersonen hadde fått seg jobb og helst ikkje ville ha noko meir merksemd rundt saka si. Men dette førte meg vidare til andre liknande saker, via MBD-foreininga. (ADHD er det nye namnet på det ein tidlegare kalla MBD, minimal brain dysfunction.) Det viste seg at foreininga hadde mange eksempel på foreldre som opplevde skule- og helsevesen som problematisk. Mange opplevde at dei måtte bruke svært mykje krefter på å kjempe mot systemet, istadenfor å få den hjelpa dei meinte dei hadde krav på.

B) I starten hadde eg ei todelt problemstilling: Korleis taklar skulevesenet elevar med ADHD, og korleis taklar helsevesenet denne lidinga? Er det slik at integreringa av elevar i skulen verkar slik det er tenkt? Blir alle integrert, også dei med ADHD? Og kva behandling kan helsevesenet tilby? Verkar den behandlinga, kan dei hjelpe?

Eit av måla mine var å dokumentere desse vanskane, og samstundes dokumentere korleis ADHD artar seg. Det var viktig å finne personar eg kunne følgje over tid, og som kunne illustrere ulike sider av problema med ADHD. Eg ville helst ha eit eksempel der integreringa IKKJE hadde gått bra, eit eksempel der det faktisk HADDE gått bra, og eit eksempel som viste problema i høve til helsevesenet. Det var vanskeleg å finne fram til familiar eg kunne bruke, for sjølvsgatt måtte både foreldra og barnet vere villige til å stå fram. Men etter eit par-tre veker hadde eg bestemt meg for å bruke Hans (13) i Kristiansand, Daniel (14) frå Vinterbro (men som var i eit barnevernstiltak i Vestfold), og Jørgen (13) på Nesodden.

C) Fokuset/vinklinga vart endra ganske seint (like før redigeringa skulle starte), av fleire grunnar: Eg innsåg at det ville bli for vanskeleg å fortelje tre parallelle historier i ein og same dokumentar. I samråd med redaksjonsleiaren valde eg å fokusere på Jørgen. Dette var den klart sterkaste historia, og både mor til Jørgen og han sjølv var flinke til å uttrykke seg. Vinklinga vart også endra: Eg ville vise at behandlinga av elevar med ADHD ikkje fungerer, at dei ulike instansane skuldar på kvarandre, og at ansvarsfråskrivninga fører til store problem for dei som er råka. Eg hadde vore borti mange eksempel på dette udnerveds, Jørgen var ein av dei.

D) Forarbeidet tok ganske lang tid, opptaka starta ikkje før etter omlag ein månad. Talet på foreldre med ADHD-barn som eg snakka med, må ha vore rundt 20. Eg hadde også ein del skriftleg materiale: Ei hovudoppgåve i spesialpedagogikk, spørjeundersøkingar av foreldre som hadde ADHD-barn, fleire nummer av tidsskrifta "Stå på!" (MBD-foreininga), "Spesialpedagogikk" og andre fagblad, i tillegg til ein video som MBD-foreininga står bak.

Andre kjelder:

- ansvarleg for treningsopplegget til Jørgen (Mediplan/Ungplan)
- sosialsjefen og rektorane på skulane der Jørgen hadde gått (og kanskje skulle gå igjen).
- medisinske ekspertar på ADHD
- fleire spesialpedagogar

På Nesodden gjorde eg opptak i fleire runder, mest heime hos Jørgen der eg intervjuar han, mora og søstera. (Faren jobba mykje dobbelt den perioden, og var nesten aldri heime - difor vart han ikkje med i programmet.) I tillegg intervjuar eg skulesjefen, leiaren for PP-tenesta, avlastningspersonen frå kommunen, Follo-klinikken, som hadde ansvaret for behandlingsoplegget til Jørgen, tok eg kontakt med gjentekne gongar, utan at eg fekk nokon respons. Det svaret eg tilslutt fekk, formidla via ein saksbehandlar, var at den ansvarlege ikkje hadde tid til å snakke med meg.

Hos Nesodden kommune var dei langt meir velvilje til å svare på spørsmål. Eg fekk tilgang til Jørgen si mappe, etter at foreldra hadde gjeve meg ei skriftleg godkjenning og slik oppheva teieplikta til dei kommunetilsette.

I Kristiansand gjorde eg opptak over 3-4 dagar: Heime hos familien til Hans, følgde han til skulen, gjorde intervju med hovudlæraren, rektor og klassekameratar. Eg brukte mykje tid på at dei skulle bli vandt med at eg var der, for å kunne gjere "fluge på veggen"-opptak. I tillegg fekk eg løyve av foreldra til å sette bandspelaren i opptak då eg gjekk om kvelden, for å få opptak av autentiske "legge-scener". (Sjå pkt. 8).

På Vinterbro var eg først heime hos Daniel og gjorde opptak med han og mora, seinare besøkte eg Daniel på institusjonen i Vestfold og gjorde opptak der, intervjuar ein av miljøarbeidarane og ein av lærarane hans, vi køyrde fleire turar med bil der eg intervjuar Daniel medan eg køyrde.

Opptaka utgjorde tilslutt 40 timar med alle dei tre familiene, gjort over ei periode på 8-9 veker (fordi dei siste opptaka med Jørgen vart gjort lenge etter at systematiseringa var igong.) Systematisering og manus-skriving tok omlag 4 veker. Redigeringa gjorde eg på tre veker, med teknisk regi av Kåre Johan Lund.

Anders Nicolaysen var min konsulent under heile produksjonen, som eg diskuterte opptak med, vinkling, kjeldebruk, osv.

Målet mitt var altså å vise korleis familiane måtte bruke mykje tid på å få den hjelpa dei hadde krav på. Mange følte at dei brukte meir krefter på å slåss med det offentlege, enn dei brukte på å ta seg av barnet sitt. Det andre målet mitt, å vise korleis ADHD artar seg gjennom autentiske opptak, var langt vanskelegare. Det fekk eg eigentleg ikkje til med Jørgen, fordi han var grei og snill når han ville. Likevel var ikkje det noko stort sagn, sidan fortalde ærleg og rett fram om korleis det arta seg.

7. Frå eg starta researchen til programmet gjekk på lufta, gjekk det litt over 3 månader. I denne perioden jobba eg hovudsakleg berre med dette programmet, enten i form av opptak, research-intervju eller lesing av faglitteratur. Det er vanskeleg å seie kor mykje fritid eg brukte. Nokre av opptaka måtte skje tidleg om morgonen eller seint på kvelden - fordi eg m.a. skulle vise vanskaner med å få lagt Hans og få han opp om morgonen (Kristiansand-historia).

8. Det viste seg etterkvart at problemet var å få til opptak som kunne gje eit realistisk innblikk i korleis ADHD artar seg. Alle intervjuobjekta mine viste seg å vere greie, snille barn som var som englar når dei berre bestemte seg for det. (Og her fekk eg nok gjort kål på ein fordom eller to som eg hadde før eg starta med dette prosjektet.) Men måten eg løyste det på, med opptaka av Hans i Kristiansand, førte med seg eit etisk problem: Hans visste ikkje at bandopptakaren gjekk etter at eg hadde gått om kvelden. Sjølv om foreldra hadde sagt ja, kan ein sjølv sagt sette spørsmålsteikn ved ein slik metode. Eg følte likevel at dette var fullt ut forsvarleg. Familien hadde fått forsikringar om at ingenting av det dei ikkje ville skulle bli sendt, ville bli sendt. Hadde det utspelt seg scener som var for tøffe, var det dei som skulle ha det siste ordet. Også Hans fekk vite om opptaka etter at dei var gjort, og hadde ingen innvendingar mot det.

9. Marienlyst, 19.1.2000

Rune Bjåstad